

---

**Fra:** Geir Styve <geir@humorbonden.no>  
**Sendt:** 21. august 2016 18:50  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** atle@adu.no; eva.styve@hotmail.com  
**Emne:** Oppfølging / supplement til møte 12.8.2016 vedr.  
sakshandsamingsrutiner i Lindås kommune

Frå Eva og Geir Styve

Att: Rådmann  
Kopi: Assisterande Rådmann  
Kopi: Ordførar

Vi takkar for hyggjeleg og konstruktivt møte den 12.08.2016.

Det seier seg sjølv at vi har høge forventingar til å få tilbakemeldingar etter møtet!

Vi vil også gjere merksam ei anna av våre saker, - registert som 15/2558 . Vi har venta på svar her sidan i fjor sommar, og har vore tålmodige ut frå at det har skjedd eit skifte av sakshandsamar.

No ser vi til vår overrasking at saka har fått status som avslutta. Dette har skjedd utan at vi har fått nokon form for tilbakemelding på det vi tok opp. Vi kan heller ikkje sjå at det er arkivert noko vedtak i saka om at saka skal leggjast vekk.

Spørsmål nr 1 - *Er dette ihht gjeldande rutiner i Lindås Kommune?*

Saka handlar i korte trekk om at vi vart saksøkt av to hytteeigarar i samband med ein påstått parkeringsrett som kom i konflikt med vår innregulerte veg i Helleåsen bustadfelt. Når ein vert saksøkt, så leitar ein naturlegvis opp alle fakta som kan belyse saka for retten. Det viste seg at saksøkjjarane m/fleire har bygd veg inn i området ulovleg, og den omstridde parkeringsretten låg såleis på ein ulovleg opparbeidd snuplass. Lindås Kommune har ikkje arkivert noko i saka, og tiltakshavarane kunne heller ikkje dokumentere byggjeløyve.

Spørsmål nr 2 – *Er det slik å forstå at Lindås kommune ikkje vil gjere noko meir i denne saka?*

Eva og Geir Styve



Virusfri. [www.avast.com](http://www.avast.com)



Virusfri. [www.avast.com](http://www.avast.com)